

Til medlemmane i instituttrådet.

Det går fram av sakspapira til Fakultetsstyremøtet 10. desember at IF kan få lyse ut stipendiatstillingar i 2025, sannsynlegvis 2 stillingar. Spørsmålet om innrettinga på utlysinga vart diskutert i instituttrådet 4. desember. Instituttrådet hadde eit ønske om å knytte utlysingane til fagmiljøa, men det vart samstundes opna for at utlysingar i visse tilfelle kunne knyttast til forskargrupper.

Instituttleiinga ber instituttrådet ta stilling til denne formuleringa og gi tilbakemelding **innan 10. januar**:

Instituttleiinga ber om at fagmiljø og forskargrupper som ønskjer å verte inkluderte i ei utlysing av stipendiatstillingar i 2025, signaliserer dette gjennom ein søknad. I søknaden vil det vere viktig å grunngje kvifor ein ser behovet for ei slik rekrutteringsstilling og korleis ein skal sikre at kandidaten vert del av eit aktivt forskingsmiljø.

Tildelinga vil verte gitt på grunnlag av overordna strategiske vurderingar i instituttleiinga, slik desse er formulerte i IF sin strategi. Behov for å rekruttere stipendiatar for å vidareutvikle faget/disiplinen eller bygge vidare på eit forskingsmiljø med tanke på innhenting av større prosjekt kan òg bli lagt vekt på i vurderinga. Fagmiljø eller forskargrupper som meiner å kunne argumentere for gode resultat når det gjeld stor publikasjonsaktivitet, søknadsaktivitet retta mot eksterne midlar, og viss relevant, gjennomføring i ph.d.-programmet vert oppmoda om å inkludere dette i søknaden. I denne argumentasjonen vil det vere ein føremon, så langt det er mogleg, å ta utgangspunkt i fakultetet sine kriterium for fordeling av stipendiatstillingar på fakultetet:

- Gjennomføring på ph.d.-programmet innan 6 år (bruttotid).
- Publikasjonspoeng per stilling med ordinære førstevilkår.
- BOA-inntekt per stilling med ordinære førstevilkår.

På bakgrunn av desse søknadene vil instituttleiinga utforme utlysinga.